

# Statsbudsjettet for 2020

Regjeringa la i dag, 07. oktober 2019, fram forslag til statsbudsjett for 2020 (Prop. 1 S 2019-2020). Vi har utarbeidd eit samandrag av kommuneopplegget.

## Det økonomiske opplegget for kommunane

### **Statsbudsjettet bygger på følgande anslag og endringar:**

- Realvekst i samla inntekter 3,2 mrd. kr og 0,6 %
- Realvekst i frie inntekter 1,3 mrd. kr og 0,3 %
- Heile veksten i frie inntekter går til kommunane
- Deflator 3,1 % for 2020 (var 3,0 % for 2019)
- Herav lønnsvekst 3,6 %

Deflatoren brukast for å beregne realveksten i kommunane sine inntekter. Den er eit anslag på årleg lønns- og prisvekst (prosent) som kommunane blir kompensert for gjennom inntektssystemet.

I kommuneopposisjonen blei det lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på mellom 1 og 2 mrd. kr i 2020, som motsvarar ein vekst på mellom 0,3 og 0,5 %. Dette er noko lågare enn tidlegare år. Det blei lagt opp til at heile auken skulle gå til kommunane. Det var spesielle bindingar på veksten.

Realveksten i kommunesektoren sine samla inntekter var berekna til mellom 0,2 og 1,5 mrd. kroner (0 – 0,3 % vekst).

Veksten i frie inntekter for 2020 er rekna frå inntektsnivået som ble anslått i RNB 2019. Talet tek ikkje omsyn til oppjusteringa av skatteinntektene til kommunesektoren i år.

### **Skattøryren**

Den kommunale skattøryren for 2020 blir som vanleg fastsett ved behandling av statsbudsjettet. Skattøryren angir kor stor del av skatt på alminneleg inntekt for personlege skatttytarar som skal gå til kommunen. Det blir vidare lagt opp til at skattøryren blir fastsette på grunnlag av målsettinga om at skatteinntektene skal utgjera 40 % av kommunane sine samla inntekter. Den kommunale skattøryren er derfor redusert med 0,45 %-poeng til 11,10 %.

## Utvikling i frie inntekter for kommunane i Rogaland

Tabellen viser anslag på frie inntekter kommande år. Rogalandskommunane sine frie inntekter for 2020 inkluderar 43,6 mill. kr i fordelte skjønnsmidlar. Fylkesmannen har halde tilbake 19,4 mill. kr til fordeling gjennom året. Skjønnsramma for rogalandskommunane blei redusert med 6,8 % frå 2019 til 2020, ned frå 67,6 til 63 mill. kr. Samla basisramme til fylkesmennenes fordeling for 2020, er redusert med 50 mill. kr, som er overført til innbyggartilskotet. KMD ønsker at rammetilskotet til kommunane i størst mogleg grad skal fordeles etter faste kriterium og ikkje basert på skjønn.

K.nr.	Kommunenavn	Anslag på frie inntekter 2019	Anslag på oppgåve-korrigerte frie inntekter 2019	Anslag på frie inntekter 2020	Anslag på oppgåve-korrigert vekst 2019-2020	Anslag vekst rekneskap 2019-2020 (nominell)
1101	Eigersund	823 254	827 638	845 927	18 289	2,2
1103	Stavanger	8 088 525	8 145 560	8 298 773	153 213	1,9
1106	Haugesund	2 046 786	2 062 698	2 097 776	35 078	1,7
1108	Sandnes	4 327 741	4 344 109	4 427 855	83 746	1,9
1111	Sokndal	216 404	217 344	222 076	4 732	2,2
1112	Lund	199 813	200 712	206 622	5 910	2,9
1114	Bjerkreim	176 980	177 846	179 358	1 512	0,9
1119	Hå	1 025 769	1 030 960	1 054 743	23 783	2,3
1120	Klepp	1 050 004	1 055 219	1 084 623	29 404	2,8
1121	Time	1 030 554	1 035 507	1 054 007	18 500	1,8
1122	Gjesdal	657 071	660 372	678 717	18 345	2,8
1124	Sola	1 521 261	1 528 288	1 582 067	53 779	3,5
1127	Randaberg	622 807	625 703	637 358	11 655	1,9
1130	Strand	725 726	733 411	746 078	12 667	1,7
1133	Hjelmeland	187 459	186 429	194 920	8 491	4,6
1134	Suldal	269 039	270 208	273 424	3 217	1,2
1135	Sauda	293 567	294 770	305 417	10 647	3,6
1144	Kvitsøy	48 669	48 871	49 009	138	0,3
1145	Bokn	69 058	69 345	70 389	1 044	1,5
1146	Tysvær	641 808	645 029	664 904	19 874	3,1
1149	Karmøy	2 288 561	2 299 694	2 351 960	52 266	2,3
1151	Utsira	33 102	33 211	33 877	666	2,0
1160	Vindafjord	533 793	536 109	543 813	7 704	1,4
	<i>Sum</i>	<i>26 877 751</i>	<i>27 029 033</i>	<i>27 603 693</i>	<i>574 660</i>	
	<i>Fordeles gjennom året</i>	<i>17 200</i>	<i>17 200</i>	<i>19 400</i>	<i>2 200</i>	
	<b>Rogaland</b>	<b>26 894 951</b>	<b>27 046 231</b>	<b>27 623 093</b>	<b>576 861</b>	<b>2,1</b>
	Landet	320 969 640	322 699 234	329 687 033	6 987 654	2,2

Kommunane i Rogaland får samla ein nominell vekst på 2,1 %, litt under landet samla, som ligg på 2,2 % vekst i frie inntekter i forslaget til statsbudsjettet. Hjelmeland får høgaste nominelle vekst - 4,6 % - og Kvitsøy lågaste - 0,3 %. 12 av kommunane i Rogaland ligger under landssnittet for vekst i frie inntekter 2020.

Veksten er noko lågare enn i dei seinare åra. Grunnen er litt lågare vekst i demografi- og pensjonskostnadene. Dei økonomiske rammene for kommunesektoren er påverka av at det går godt i norsk økonomi og kommunane har hatt fleire år med bra inntektsvekst. Det er viktig at dette handlingsrommet blir brukt så godt som råd.

### Handlingsrom og kostnadar innanfor vekst i frie inntekter

Utvikling i dei frie inntektene må sjåast opp mot auka utgifter grunna den demografiske utviklinga og endringar i pensjonsutgifter. I tillegg inneholder statsbudsjettet fleire nye eller vidareførte satsingar som må finansierast innanfor dei frie inntektene.

(mrd. kroner)	Kommune-sektoren
<b>Vekst i frie inntekter</b>	1,3
- meirkostnader demografi	-0,9
+ reduserte kostnader pensjon	0,45
- satsingar innanfor vekst i frie inntekter	
tidleg innsats i skolen	-0,40
satsing på rusfeltet	-0,15
<b>Auka handlingsrom</b>	0,3

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har anslått meirkostnadene for kommunesektoren i 2020 som følgje av den demografiske utviklinga til 1,3 mrd. kroner. Av dette reknar ein at om lag 0,9 mrd. kroner må dekkast innanfor kommunesektorens frie inntekter. Overslaga over meirutgiftene har vore lågare for 2019 og 2020 enn det dei har vore tidlegare år. Utslaga er ulike, fylkeskommunane får reduserte demografikostnader dei nærmaste åra som følgje av reduksjon i alders-gruppa 16 – 18 år, medan det for kommunane sin del er rekna med ein auke på 1,3 mrd. som må finansierast av frie inntekter.

I Kommuneproposisjonen for 2020 rekna ein med ein nedgang i kommunesektorens samla pensjonskostnader på rundt 450 mill. kr i 2020, ut over det som blir dekka av den kommunale deflatoren. Det er knytt uvisse til dette overslaget.

I tillegg kjem regjeringa sine satsingar på tiltak finansiert innanfor dei frie inntektene på i alt 550 mill. kr, dvs. tidleg innsats i skulen og satsinga på rusfeltet.

For kommunane sin del er handlingsrommet på 1,3 mrd. i frie inntekter dermed brukt opp. Men ein kan auka handlingsrommet gjennom omstilling og effektivisering.

Ressurskrevjande tenester: Det har vore ein svært sterk auke i ordninga for ressurskrevjande tenester sidan den blei innført i 2004, frå 1,5 mrd. kr til 10,8 mrd. i budsjettframlegget for 2020. Det blir nå føreslått ei innstraming ved å auka innslagspunktet med 50 000 kr utover lønnsveksten, dvs. til 1 361 000 kr. Innstraminga svarar til 350 mill. kr og vil påverka kommunebudsjetta alt for 2019. Kompensasjonsgraden er uendra på 80 %.

For 2020 føreslår regjeringa ei tilsegnsramme på 3 595 mill. kr for å leggja til rette for om lag 2000 heildøgns omsorgsplassar. Som vedtatt i statsbudsjettet for 2019 skal 50 % av tilsegnsramma gå til rein netto tilvekst og resten til rehabilitering m.v.

Kommunane blei i RNB 2019 kompenserte med 90 mill. kr i rammetilskotet for meirutgifter som følgje av endringar i ordninga med arbeidsavklaringspengar (AAP). Kompensasjonen vil bli vidareført i 2020.

### Innlemmingar og korrekjonar i rammetilskotet

Innlemming av øyremerka tilskot i rammetilskotet styrker det lokale sjølvstyret og gjer mindre byråkrati i kommune og stat. I 2020 blir 14 tilskot innlemma i rammetilskotet og desse utgjer om lag 3,6 mrd. kr for sektoren samla. I kommuneproposisjonen blei det varsla at også tilskot til klinisk veterinærkakt skulle innlemmast. Dette tilskotet blir likevel vidareført på budsjettet til Landbruks- og matdepartementet.

<b>Innlemmingar, oppgåveoverføringer og korreksjonar 2020</b>	<b>Kommunar</b>	<b>Fylkeskommunar</b>
Statlege og private skular, auke i elevtal	-171 135	13 957
Ny gjennomføringsløysing for prøver og eksamenar	-1 290	-1 290
Tilskot gang- og sykkelvegar	48 607	32 405
Overføring førsteline sosiale tenester frå Bergen og Oslo kommunar til NAV kontaktsenter	-7 500	0
Forsøk med ny oppgåve- og ansvarsdeling barnevern	-22 352	0
Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten	-644 400	0
Innlemming tilskot rekruttering psykologar	211 600	0
Innlemming tilskot dagaktivitetstilbod heimebuande med demens	369 144	0
Innlemming tilskot habilitering og rehabilitering	87 000	0
Forsøk med statleg finansiering av omsorgstenesta	-33 204	0
Innlemming tilskot samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak	6 340	0
Overføring av myndigkeit etter naturmangfaldsloven (kommunereform)	2 500	0
Overføring av myndigkeit etter forureiningsloven (kommunereform)	1 700	0
Innlemming tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad (kommunereform)	496 503	0
Innlemming tilskot til tidleg innsats i skulen, auka lærertettleik 1.-10. trinn	1 316 832	0
Innlemming tilskot til leirskuleopplæring	56 066	0
A. C. Møller skule, overføring frå Statped til Trondheim kommune (1/1-årsverknad)	2 308	0
Inntektsgradert foreldrebetaling SFO 1.-2. trinn	58 200	0
Gratis SFO til barn med særskilte behov 5.-7. trinn	21 000	0
Gratis kjernetid barnehage for 2-åringar (1/1-årsverknad)	57 783	0
Auka foreldrebetaling barnehage (1/1-årsverknad)	-82 892	0
Overføring av oppgåver på landbruksområdet (kommunereform)	10 400	0
Overføringer og innlemmingar som gjeld fylkeskommunar (se grønt hefte s.5)		1 272 360
<b>Sum innlemmingar og korreksjonar</b>	<b>1 783 210</b>	<b>1 317 432</b>

Tidleg innsats og bemanningsnorm for lærarar har til nå blitt finansiert gjennom eit øyremerka tilskot over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. Dette blir nå innlemma i rammetilskotet med om lag same fordeling som for 2019. Frå 2021 vil desse midlane bli fordelt etter delkostnadsnøkkelen for grunnskole, og denne vil bli vurdert fram mot statsbudsjettet for 2021.

Innlemming av tilskota blei varsla i kommuneproposisjonen, bortsett frå leirskolar og habilitering/rehabilitering, som blir føreslått nå.

Skatteoppkrevjinga blir føreslått overført frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Føremålet med overføringa er å styrkja arbeidsgjevarkontrollen og skjerpa kampen mot arbeidslivskriminalitet og svart økonomi. Rammetilskotet blir redusert med 644,4 mill. kr i 2020. Dette tilsvrar 7/12-effekten av 1279 årsverk. Heilårseffekten er 1 105 mill. kroner. Sjølvé skatteoppkrevjinga vil bli utført på 40 stader der det alt er skattekontor. Dei resterande skattekontora får rettleiingssoppgåver. Nærare omtale i skatteproposisjonen frå Finansdepartementet.

Lærarnorma har til nå vore finansiert gjennom eit øyremerka tilskot på Kunnskapsdepartementets budsjett. Tilskot på 1 316,8 mill. kr blir innlemma i rammetilskotet, slik det blei varsla i Kommuneproposisjonen. Desse midlane blir fordelt særskilt i tabell C i 2020, med om lag same fordeling som i 2019. Frå 2021 vil dei bli fordelt etter delkostnadsnøkkelen for grunnskole, og denne vil bli vurdert fram mot kommuneproposisjonen for 2021. Vidare er 400 mill. kr av veksten i frie inntekter begrunna med tidleg innsats. Samla sett inneber dette at midlar som kan nyttast til fleire lærarårsverk som følgje av lærarnorma, blir vidareført på om lag same nivå i 2020 som i 2019. Vi viser også til nærmere omtale i budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet.

Det blir innført ei nasjonal ordning med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 1. og 2. trinn frå skoleåret 2020/2021. Dette inneber at foreldrebetaling for eit heiltidstilbod i

SFO på 1.—2. trinn maksimalt skal utgjera 6 % av den samla person- og kapitalinntekta i hushaldet. Kommunane blir kompenserte i 2020 gjennom ein auke i rammetilskotet på 58,2 mill. kr. (Heilårseffekten er 139,7 mill. kr.)

Vidare blir det innført gratis SFO for elevar med særskilte behov på 5.—7. trinn frå skoleåret 2020/21. Kommunane blir kompenserte gjennom ein auke i rammetilskotet på 21 mill. kroner i 2020. (Heilårseffekten her er 50,4 mill. kr.)

Dei øyremerka midlane til frivilligsentralar blei overført til rammetilskotet i 2017. Midlane blei gitt ei særskilt fordeling i ein overgangsperiode på fire år. Løyvinga blei auka i samband med innlemminga og i 2018 og i 2019. Det blir føreslått ein auke på 12,8 mill. kroner i 2019 til nyetablerte sentralar. Totalt blir det fordelt 200,2 mill. i 2020. Kommunevis fordeling går fram av tabell C-k i Grønt hefte. Frå 2021 vil midlane bli fordelte etter ordinære kriteria i inntektssystemet.

## Eigedomsskatt

Som vedtatt tidlegare blir maksimalsatsen for bustad- og fritidseigedom redusert frå 7 til 5 promille med verknad frå 2020. Obligatorisk reduksjonsfaktor i eigedomsskattetaksten blir auka frå 20 til 30 % for bustad- og fritidseigedom. Det blir føreslått å redusera maksimalsatsen for bustad- og fritidseigedom ytterlegare frå 5 til 4 promille gjeldande frå 2021.

Regjeringa føreslår ei ny overgangsordning i eigedomsskattelova for eigedomsskatt ved kommunesamanslåing.

Kompensasjonen for bortfall av eigedomsskatt ("maskinskatten") blir trappa opp i 2020 frå 71 til 143 mill. kr.

## Kommuneøkonomien 2019

Kommunane sine inntekter for 2019 blir vesentleg høgare enn det blei lagt opp til i statsbudsjettet høsten 2018. Skatteoverslaget er oppjustert med 4,9 mrd. kr, av dette 4,2 mrd. for kommunane, i høve til revidert nasjonalbudsjett (RNB).

### Skatteoverslag for kommunane for 2019

	Mill. kr	Vekst %
Rekneskapstal 2018	162 537	0,4
Statsbudsjettet 2019 (8.10.18)	163 150	0,4
Kommuneprop. 2020 (14.5.19)	164 520	1,2
Statsbudsjett 2020	168 750	3,8

Meirskatteveksten er forklart med større vekst i sysselsetjinga enn tidlegare rekna med, og at utbytte til personlege skattytarar for skatteåret 2018 framleis ligg på eit høgt nivå. Deflatoren for 2019 er uendra i høve til RNB 2019, dvs. 3 %. Den reelle veksten i kommunenesektorens samla inntekter i 2019 er nå rekna til 5,3 mrd. kr, tilsvarande 1,0 %. For dei frie inntektene er det rekna ein reell vekst på 3,2 mrd. som svarar til 0,8 %.